



## INFORMASJON TIL DEG SOM VERJE FOR EIN VAKSEN ARVING

Vi har fått ein skifteattest frå tingretten, der det går fram at buet etter nokon skal skiftast privat. Du får dette brevet fordi du er verje for ein av dei vaksne arvingane i dødsbuet.

### Dine oppgåver

Det er ditt ansvar å vareta arvingen du er verje for sine interesser under skiftet<sup>i</sup>.

Dette inneber mellom anna at du må

- kontrollere at verdiane som skal fordelast mellom arvingane er rett, ved å
  - undersøke om alle eidegar og gjeld i buet er medrekna
  - undersøke om verdien på eidegarne og størrelsen på gjelda ser rett ut
- sikre at det er ei viss framdrift i skiftet, og
- sjå til at arvingen du er verje for får det han eller ho har rett på i arv.

Når arven er klar til å fordelast, må du sende oss ei melding om kva arvingen du er verje for mottek i arv.<sup>ii</sup>

Dersom du undervegs i skiftet blir i tvil om ei avgjerd som har særleg mykje å sei for den du er verje for, har du både ein rett og ei plikt til å ta kontakt med oss for å be om rettleiing.

### Kontroll av verdiane som skal fordelast

Det er den som administrerer buet som normalt lagar ei oversikt over verdiane i buet.

Ei av oppgåvene du har som verje, er å gå gjennom eit oppsett over verdiane i buet, for å kontrollere at den du er verje for mottek det han eller ho har rett på i arv.

For å kontrollere at oppsettet over verdiane i buet ser rett ut, bør du mellom anna gå gjennom

- avlidne og eventuelt lengstlevande ektefelle sine skattemeldingar,
- avlidne sine kontoutskrifter frå og med dødstidspunktet,
- eventuelt lengstlevande ektefelle sine kontoutskrifter som viser saldo på dødstidspunktet,
- verdivurdering frå eideomsmeclar eller byggeskunnig av den avlidne og eventuelt lengstlevende ektefelle sine eidegar,
  - ved sal av eidegar bør du også gå gjennom oppgjersoppstillinga frå eideomsmeclar eller advokat
- eventuelle testament eller arvepakter
- dokumentasjon på avlidne og eventuelt lengstlevende ektefelle si gjeld og
- eit forslag til fordeling av arven.

Det er ikkje nødvendig å sende oppstillinga over buet med vedlegg til oss for kontroll, men som nemnt over, må du gi oss beskjed om kva den vaksne arvingen du er verje for mottek i arv.

Dersom buet likevel ikkje skal skiftast privat (til dømes ved offentleg skifte eller tilbakelevering av buet til uskifte), ber vi om at du sender oss ei melding om det.

### Samansett skifte



Dersom den avlidne var gift, må det først gjennomførast eit såkalla samansett skifte. Det inneber at ektefellane må fordele verdiane mellom seg først, før det som tilhører avlidne deretter kan fordelast på hans eller hennar arvingar.

Veldig forenkla, går eit samansett skifte som hovudregel ut på at begge ektefellane sine nettoverdiar (eigedelar etter at gjeld er trekt frå) blir lagt saman. Deretter deler ein dei samla nettoverdiene i to, før den avlidne sin halvpart vidare kan fordelast på hans eller hennar arvingar.

Dersom ektefellen til den avlidne framleis lever, har han eller ho som hovudregel rett til å arve av den avlidne sin halvpart, i tillegg til at han eller ho beheld sin eigen halvpart.

Unntak frå dette kan førekommme, til dømes dersom ein eller begge ektefellane har særeige, eller dersom nokon av ektefellane av andre grunnar kan halde verdiar vekke frå delinga.

### **Overdraging av eigedom**

Det er ikkje krav om samtykke frå oss til

- at arvingen med verje arvar eigedom eller ideell del av eigedom eller til
- at ein eigedom blir overdregen direkte frå buet til ein tredjeperson
  - føresetnaden er at heimelserklæringa i samband med arv og skifte vert sendt til Kartverket for tinglysing saman med skøyten

Dersom arvingen med verje skal overta eigedom frå buet som i verdi overstig hans eller hennar arv, vil det likevel kunne vere nødvendig med samtykke frå Statsforvaltaren<sup>iii</sup>.

### **Avslag på arv og utdeling av forskot på arv og større gåver**

For å avslå arv som ikkje er av ubetydeleg verdi<sup>iv</sup>, dele ut forskot på arv<sup>v</sup> og å dele ut gåver av større verdi<sup>vi</sup> på vegner av arvingen med verje, må du ha vårt samtykke på førehand. Med andre ord må du derfor kontakte oss dersom du ønskjer å godta ei fordeling som gir den du er verje for mindre i arv enn det han eller ho har rett på.

### **Offentleg skifte**

Du kan krevje offentleg skifte av buet på vegner av den du er verje for fram til det private skiftet er avslutta. Fristen for å krevje offentleg skifte er tre år frå dødsfallet. Dersom du krev offentleg skifte på vegner av arvingen med verje, vil tingretten normalt krevje at han eller ho du er verje for stiller sikkerheit for kostnadane med skiftet.

Krav om offentleg skifte, og spørsmål om framgangsmåten for å krevje offentleg skifte, må rettast til den tingretten som har skrive ut skifteattest i saka.

### **Forvaltning av midlar**

Som hovudregel kan verja berre disponere inntil 2G <sup>vii</sup>på vegner av den som har verje<sup>viii</sup>.

Det overskytande skal som hovudregel forvaltas av oss, med mindre den som har verje forstår kva saken gjeld, og ikkje samtykker til at vi forvaltar midlar for han eller ho.

Det bankinnskotet Statsforvaltaren skal forvalte, skal innbetalast til ein kapitalkonto som blir disponert av oss. Om vi skal forvalte midlar, og det ikkje allereie er oppretta ein slik kapitalkonto, må verja uoppmoda sende oss eit skjema for opprettning av kapitalkonto.



Dersom arvingen med verje har kontantinnskot som utgjer meir enn 2 000 000 kroner, tilrår vi at verje ber Statsforvaltaren om å opprette fleire kapitalkontoar i ulike bankar. Dette er for å unngå at saldo på kvar konto overstig banken si innskotsgarantiordning. I praksis inneber det at bankinnskotet blir delt opp og plassert i fleire bankar.

Skjema for oppretting av kapitalkonto og meir informasjon om forvaltning av midlar finn du på [www.vergemal.no](http://www.vergemal.no).

### **Meir informasjon**

Det ligg god informasjon om reglane for arv og skifte på heimesida til domstolane [www.domstol.no](http://www.domstol.no), der du mellom anna finn døme på oppstillingar over ulike typar dødsbu. Vi rår deg også til å gjennomføre kurs om arv og skifte på *Mine vergemål*, som du finn på [www.vergemal.no](http://www.vergemal.no).

Dersom du har generelle spørsmål om skifte, kan du kontakte den tingretten som har skrive ut skifteattest i saka.

Om du eller nokon av dei andre arvingane meiner det er nødvending med hjelp frå advokat, kan du saman med dei andre arvingane engasjere ein advokat på vegner av buet, eller eventuelt engasjere ein eigen advokat på vegner av den arvingen du er verje for<sup>ix</sup>.

---

<sup>i</sup> Jf. verjemålslova §§ 31-33

<sup>ii</sup> Påleggget er gitt med heimel i verjemålslova § 47

<sup>iii</sup> jf. verjemålslova § 39

<sup>iv</sup> jf. verjemålslova § 42

<sup>v</sup> jf. verjemålslova § 41 andre ledd

<sup>vi</sup> jf. verjemålslova § 41 første ledd

<sup>vii</sup> Beløpsgrensa er regulert av verjemålsforskrifta § 26, som seier at det skal takast utgangspunkt i grunnbeløpet i Folketrygda per 1. januar kvart år. 2G per 01.01.2024 er 237 240 kroner.

<sup>viii</sup> Jf. verjemålslova §§ 48 og 49 jf. verjemålsforskrifta § 26

<sup>ix</sup> Dersom du vurderer å engasjere advokat på vegner av arvingen med verje, bør du rádføre deg med oss først, jf. verjemålslova § 47 og verjemålslova § 37